

Statsforvaltaren i Vestland
post@partiportalen.no

TOLKINGSUTTALE

Gjennomføring av avkortingsvedtak etter etableringa av dei nye fylkeskommunane Akershus, Buskerud, Finnmark, Telemark, Troms, Vestfold og Østfold, og i kommunane Haram og Ålesund

Jf. partilova § 24 andre ledd bokstav a.

Frå 1. januar 2024 har ikkje partiledde i Troms og Finnmark, Vestfold og Telemark og Viken fylkeskommunar og Ålesund kommune rett til stønad etter partilova. Heller ikkje vedtak om avkorting i partistønad i 2024 som Partilovnemnda trefte i 2023, kan gjennomførast for desse partiledde.

I brev av 9. februar 2024 (ref. 2024/2467) ber Statsforvaltaren i Vestland om nemnda sitt syn på om partiledde av same parti i dei fylkeskommunane og kommunane som er oppretta ved fylkes- og kommunedelinga 1. januar 2024, tek over ansvaret, og om korleis avkortinga då skal delast mellom dei nye partiledde.

Partiledde i dei nye fylkeskommunane og kommunane fører partiet si verksemd i dei tidlegare einingane vidare, tek over egedelane til partiledde som er lagt ned i samsvar med kva partiet sjølv bestemmer om dette, stiller lister ved val etter dei reglane som gjeld for det registrerte politiske partiet dei er del av, med meir

Dei nye partiledde fører difor dei rettane og pliktene som kvilte på dei gamle, vidare i dei nye fylkeskommunane og kommunane. Om nødvendig må dei nye partiledde også syte for at rapport om økonomien i 2023 til det partiledde som er lagt ned, vert sendt til Statistisk sentralbyrå innan den lovsette fristen 1. juni 2024, slik partilova 17. juni 2005 nr. 102 § 18 gjev plikt til. Dersom plikta ikkje vert følgd, ber dei også det økonomiske ansvaret.¹

I forhold til partilova er dei nye partiledde det gamle partiledde sine *rettsetterfølgjarar* og ber det ansvaret som følgjer av vedtak av Partilovnemnda i 2023 om avkorting i partistønad som vert utbetalt i 2024. Vedtaket må difor gjennomførast i den partistønaden som røystetala ved

¹ Jf. òg [tolkningsuttalelse---okonomirapportering-nar-partiledde-slar-seg-sammen-i-forbindelse-med-sammenslutning-av-kommuner-fylkeskommuner.pdf](https://www.partilovnemnda.no/tolkingsuttalelse---okonomirapportering-nar-partiledde-slar-seg-sammen-i-forbindelse-med-sammenslutning-av-kommuner-fylkeskommuner.pdf) (partilovnemnda.no)

fylkestings- og kommunevalet i 2023 gjev dei nye einingane rett til. Dette samsvarer med nemnda sin praksis når det gjeld dei nye partiledde i dei (fylkes)kommunane som vart etablerte med verknad frå 1. januar 2020.²

Avkortinga skal *delast* mellom partiledde med rett til stønad i 2024 etter desse reglane:

- Om avkortinga er sett til ein *særskild del* av partistønad i 2024 (partiledde får til dømes berre halv partistønad), vert partistønad til kvart av dei nye partiledde redusert med same prosentsats.
- Om avkortinga er sett til eit *særskilt beløp* (til dømes kr. 10 000), vert stønaden delt mellom dei to eller tre nye partiledde i same forhold som røystetala (deira) i 2023. Om til dømes eit av to partiledde fekk 2000 stemmer, det andre 8000 stemmer, vert partistønad til det første i 2024 avkorta med kr. 2000,- (20 % av den opphavslege avkortinga kr. 10 000,-), medan stønaden til det andre vert avkorta med kr. 8000,-.
- Om det berre er oppretta nye partiledde i ein av dei to nye einingane (til dømes Ålesund eller Troms og Finnmark) eller i ein eller to av dei tre nye einingane (Viken), skal avkorting som er sett til eit *særskild beløp*, likevel delast slik at det eller dei partiledde som har rett til partistønad i 2024, ber ansvaret for høvesvis halvparten, tredelen eller to tredelar av beløpet.

For Partilovnemnda

Eivind Smith
leder

Daniel Giske
sekretariatsleder

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi:

Kommunal- og distriktsdepartementet postmottak@kdd.dep.no

² Se f.eks. [Vedtak om avkorting av statlig partistøtte 2020 - Haram Venstre \(002\).pdf](#)